



Bygland



Bykle



Evje og Hornnes



Valle



Forstudierapport fase 1

NAV Setesdal?

Wenche Tangene



Februar 2007

1 Innleiing

Styret i Setesdal regionråd har teke initiativ til at det vert sett i verk ein forstudie for etablering av NAV-kontor i kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Ein viser til saksframlegg i Setesdal regionråd 2006/376-5, og plan for forstudie "NAV – Setesdal?".

Forstudien skal på eit overordna nivå analysere rammer, finne ut kva som er mogleg og peike på utfordringane knytte til NAV-reforma for dei einssilde kommunane i Setesdal, og motivere kommunane til å stå samla.

Forstudien skal klårgjere alternative strategiar i høve til samarbeid og samhandling mellom Setesdalskommunane og NAV Aust-Agder. Fokusområde vil vere kompetanse, infrastruktur, økonomiske konsekvensar og brukarorienterte aspekt, i tillegg til eventuelle andre relevante forhold. Desse faktorane skal synleggjere fordelar og ulemper med dei ulike alternative samarbeidsmodellane.

Forstudien er delt inn i to fasar. Forstudien fase 1 har hatt som målsetting å

- avklåre om det er potensiale for betre måloppnåing gjennom samarbeid og samhandling ved etablering av NAV-kontor i kommunane
- behalde og styrkje den samla kompetansen i Setesdal
- leggje grunnlag/disposisjon for fase 2, og sikre forankring, involvering og informasjon i heile prosessen

Forstudien skal ikkje drøfte lokalisering av NAV-kontora.

Prosjekteigar er styret i Setesdal Regionråd.

Signe Sollien Haugaa, dagleg leiar i Setesdal Regionråd har hatt den daglege oppfølginga som sekretær for prosjektansvarleg Steinar Kyrvestad. Rådgjevar Wenche Tangene, Team Consulting as, har vore innleigd som prosjektleiar.

Prosjektgruppesekretær

Jan Gunnar Østerhus

Styringsgruppe er rådmennene i kommunane:

Tallak Hoslemo	Bykle kommune
Arne Tronsen	Valle kommune
Eva Richter	Bygland kommune
Jens Arild Johannessen	Evje og Hornnes kommune

Prosjektgruppe er fagansvarlege i kommunane:

Anna Lise Pedersen	Bykle kommune
Ingvar Nes	Valle kommune
Erik Langfeldt	Bygland kommune
Jon Øyvind Evje	Evje og Hornnes kommune

Referansegruppe er NAV Aust-Agder, dei kommunalt tilsette det gjeld, og Setpro.

Forstudien er gjennomført i perioden 15. januar til 22. februar 2007. Rapporten er skriven av Wenche Tangene, Team Consulting as. Han inneheld delar av rapporten til Jan Gunnar Østerhus: "Kartlegging av egen mark".

2 Bakgrunn

2.1 Nasjonalt

Formålet med arbeids- og velferdsreforma er å få fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønad. Reforma skal gjere det enklare for brukarane, og forvaltninga skal vere tilpassa behovet til brukarane. Målet er ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning. Tilgjenge og samanheng i tenestene er to viktige aspekt ved brukarorienteringa.

Det skal innan utgangen av 2009 etablerast NAV-kontor i alle kommunane i landet. Reforma fører med seg samanslåing av Trygdeetaten og Aetat. Arbeids- og velferdsetaten og kommunane skal ha felles førstelinjeteneste i form av lokale arbeids- og velferdskontor. Kontora skal opprettast gjennom ein forpliktande samarbeidsavtale mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunen, der staten og kommunen er likeverdige partar.

Fleksibilitet og lokal tilpassing

I førearbeida til reforma er det lagt stor vekt på fleksible løysingar som er tilpassa lokale forhold og behov i samband med etablering av NAV-kontor. Dette gjer det mellom anna mogleg å:

- Tilpasse omfanget av statlege tenester og oppgåveløysing m.a. til kommunestruktur, lokale/regionale arbeidsmarknader og hjelpebehov som er typiske for kvar einskild kommune
- Avtale omfanget av kommunal oppgåveløysing i arbeids- og velferdskontoret utover minimumsløysinga, og dermed å leggje opp til at organiseringa av sosialtenesta i kommunane kan variere
- Velje mellom alternative leiingsformer lokalt i form av einskapleg eller delt fagleg leiing for dei felles kontora
- Etablere interkommunale løysingar (felles kontor for fleire kommunar)
- Opne for at stat og kommune kan utføre oppgåver på myndeområda til kvarandre

Interkommunalt samarbeid

- Må ikkje føre til at kontora vert mindre tilgjengelege og mindre brukarvenlege.
- Politikarane må vege tilgjenge og eit fagleg godt tilbod opp mot kvarandre ut frå kva som samla sett er best for innbyggjarane i kommunen eller regionen.

2.2 Lokalt

Målsetjinga overfor innbyggjarane i Setesdal ved innføring av NAV-reforma er å sørgje for fullverdige tenester på lokalnivå og å samordne og utvikle kompetanse på kommune- og regionnivå.

Eit NAV-kontor i kvar kommune

Det skal etablerast eitt NAV-kontor i kvar kommune. Dette fører med seg:

- Inngåing av samarbeidsavtale mellom kommunane eller eventuelt eit interkommunalt organ og NAV Aust-Agder
- Styring og leiarstruktur skal regulerast av samarbeidsavtalen
- Brukarane skal møte ei heilskapleg førstelinjeteneste

Forstudierapport fase 1 "NAV Setesdal?"

- Minimumskrav til innhald i lokalt kontor: økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing og arbeid med individuelle planar
- Ingen ytre rammer for tenestene
- Tenester som står utanfor den organisatoriske eininga kan samlokaliseras med NAV-kontoret
- Etablerte regionale eller fylkesvise og nasjonale spesialisttenester

Hovudaktivitetar fase 1

Det vart i prosjektplanen definert desse hovudaktivitetane for fase 1 av forstudien:

- Ø Gjennomgang av prosjektspesifikasjon og utarbeiding av prosjektplan saman med sentrale aktørar.
- Ø Innhente og gjennomgå nasjonale rammer og føringar, inkludert innhaldet i NAV-handboka.
- Ø Innhente og gjennomgå røynsler frå andre samordningsforsøk/pilotkontor
- Ø Samling med sentrale aktørar i og utanfor prosjektorganisasjonen for presentasjon, diskusjon og forankring.
- Ø Informere om prosjektet og kartleggje status og synspunkt i kvar kommune med omsyn til tenestetilbod, ressursar, kompetanse, brukarar osv.
- Ø Samling med leiarar, fagansvarlege og medarbeidarar i kommunane for å drøfte alternative samarbeidsmåtar med utgangspunkt i førebels resultat av forstudien (work-shop).
- Ø Fellesmøte mellom prosjekteigarar og styringsgruppe for presentasjon og drøfting av rapportutkast frå prosjektleiaren.
- Ø Slutføring av endeleg rapport (vedtaksunderlag for kommunestyra) med skisse til rammer og innhald i fase 2.

Kritiske suksessfaktorar i forstudien

- Tiltak som oppfyller ønske om lokal forankring
 - Ø Handling: synleggjere potensiale for positiv nytte/resultat
- Engasjement og velvilje frå NAV Aust-Agder
 - Ø Handling: Informasjon om fase 1, involvering og dialog i fase 2
- Fokus på tenestemeny framfor lokaliseringsdebatt
 - Ø Handling: Fokuserer på behovet til brukarane; nærleik, ressurseffektivitet og kompetanse

Proessen skal vere kjenneteikna av solid forankring, brei involvering og stadig informasjon til dei partane det gjeld.

3 Gjennomgang av nasjonale føringar og røynsler frå samordningsforsøk/pilotkontor

3.1 Nasjonale føringar og retningslinjer

Denne dokumentasjonen er gjennomgått i kartlegginga av nasjonale rammer, føringar og røynsler:

- Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen
- St.prp. nr. 46 (2004-2005) Ny arbeids- og velferdsforvaltning
- Ot. prp. nr 47 (2005-2006) Om lov om arbeids- og velferdsforvaltningen
- Ot. prp. nr. 95 (2005-2006) Om lov om endringer i lov 25.september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (interkommunalt samarbeid)

- Håndbok for innføring av innhold i NAV kontor
- Håndbok for etablering av NAV – kontor med nedtellingskalender
- Kostnadsveileder – Etablering av NAV – kontor
- Veiledende mal for lokal samarbeidsavtale

3.2 Røynsler frå samordningsforsøk/pilotkontor

Denne dokumentasjonen er gjennomgått:

- Evaluering av samordningsforsøkene mellom Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten. Sluttrapport nr. 231 - 2006, Telemarksforskning
- Erfaringsbase fra samordningsforsøket: Oversikt over erfaringer og kompetanser til hvert enkelt samordningsforsøk

- Prosjektplan NAV Nord-Gudbrandsdal

Røynsler frå pilotprosjektet i Nord-Gudbrandsdal er også innhenta frå prosjektleiar Synnøve Flått.

Nord-Gudbrandsdal

- 6 kommunar, store geografiske avstandar
- Kombinerer lokale NAV-kontor i kvar kommune med ein regional ressursbase/kompetanseining med spesialisert kompetanse
- Ressursbasen skal vere tilgjengeleg når brukaren og det einskilte NAV-kontoret treng det
- Ein felles fagleg og administrativ leiar for heile regionen = ei resultatining

I pilotprosjektet har ein såleis 7 sideordna avdelingar med kvar sin avdelingsleiar.

Kompetanseininga har desse oppgåvene:

- ta ansvar for tiltaksøkonomi i Aetat
- rekrutteringshjelp i høve til næringslivet
- gjeldsrådgjeving

Forstudierapport fase 1 "NAV Setesdal?"

Det er berre den sistnemnde som er ei kommunal oppgåve. Opphavleg var det tenkt at eininga skulle ha to gjeldsrådgjeverar og ei russtilling, men førebels er dette ikkje gjennomført.

Kompetanseeininga er organisert etter ein vertskommunemodell. Det vil seie at det i samarbeidsavtalen mellom kvar kommune og NAV Oppland er definert roller og rammer for eininga, og det er teke inn ei fordeling av kostnadene.

Kompetanseeininga skal ikkje drive med saksbehandling, men fungere som ei forsterkingseining for dei lokale NAV-kontora. Det er ei tingarordning og det er derfor ein føresetnad at dei lokale NAV-kontora er medvitne på si tingarrolle. Dette fungerte førebels ikkje optimalt, og det er usikkert om ein ønskjer å halde fram med ei kompetanseeining i linja.

NAV-kontora har felles bakland og skal hjelpe kvarandre når det trengst. Det er investert i videokommunikasjonsutstyr både for at tilsette skal kunne kommunisere med kvarandre og for at brukarar skal kunne få hjelp frå tilsette som er plasserte andre stader.

Aetat- og trygderessursane er fordelte på dei 6 lokale NAV-kontora.

NAV Nord-Gudbrandsdal har einskapleg leiing, og leiaren har fått delegert mynde direkte frå kommunestyra. Ho har ansvar for administrative og faglege oppgåver, i tillegg til å ha personalansvar.

Dette er ein samarbeidsmodell som det kan vere nyttig å hente røynsler frå i den vidare prosessen i Setesdal, dersom ein ønskjer eit regionalt samarbeid. Ein bør difor hente inn oppdaterte røynsler frå pilotprosjektet før ein gjer endeleg vedtak om ein eventuell samarbeidsmodell.

Orkdalsregionen- samordningsforsøk

- Interkommunal sosialkontortjeneste
- Desentralisert førstelinje
- Sentralisert og samlokalisert ressursbase i Orkdal
- Eit tverrfagleg team med saksbehandlarar frå dei tre kommunane og statsetatane
- Dei tre kommunane har felles sosialeiar
- Utdrining å finne balansen mellom det å gje eit godt tilbod i utkantkommunane og få til ein fagleg god ressursbase i Orkdal


Etter avslutta forsøksperiode har Orkdal no gått inn i eit to-kommunesamarbeid med Rennebu.

4 Kartlegging av eiga mark – rammer for NAV Setesdal

Prosjektgruppesekretær Jan Gunnar Østerhus gjennomførte i veke 4 intervjuundersøkingar i dei fire kommunane som er med i forstudien. Målet med granskinga var å kartleggje eiga mark, både i høve til faktainformasjon om regionen og kva slag kompetanse som finst innanfor NAV-området i kommunane. Vidare skulle det kartleggjast kva som var mogleg å få ut av samarbeid og samhandling sett frå dei fagansvarlege si side.

4.1 Faktainformasjon

Folketalsgrunnlag i regionen	6842
	Desember 2006-tal
Ledige	61
Delvis ledige	60
Yrkeshemma	101
Uførepensjonistar	526
Tidsavgrensa uførepensjonistar	14
Går på rehabiliteringspengar	50
Sosialhjelpsmottakarar KOSTRA 05	216




Grunnlag: 3425 sysselsette i regionen, dei er fordelte på desse næringane i regionen

Næringar	Sysselsette – fordelte på ulike næringar i regionen
Jord, skog, fiske	213
Industri	332
Bygg og anlegg	374
Offentleg administrasjon	291

Forstudierapport fase 1 "NAV Setesdal?"

Undervisning	290
Helse- og sosialtenester	667
Anna	1258



4.2 Stillingar som i dag er organiserte i sosialtenesta i kommunane

Bykle 1,7 årsverk inkludert flyktningkonsulent og barnevern

Valle litt over 6 årsverk inkludert flyktningkonsulent, barnevern, undervisning framandspråklege og vaksenopplæring, ungdomsarbeidar, sjåfør

Bygland 2,7 årsverk inkludert flyktningkonsulent og barnevern

Evje og Hornnes Sosial- og flyktning 3 personar i 2,5 årsverk. Barnevern 2,5 årsverk

Totalt i regionen 15,4 årsverk (det er i fase 1 ikkje teke stilling til kva for tenesteområde som skal vere ein del av NAV-kontora.)

4.3 Kompetanse innan NAV-området

- Sosionom
- Sosionom med vidareutdanning innan rettleiing
- Sosionom med vidareutdanning i økonomisk rådgjeving
- Sosionom på kvalitativ metodekurs som forkurs til mastergradsstudier i sosialt arbeid
- Sosionom med vidareutdanning i leiing og administrasjon
- Fritidspedagog, i gang med vidareutdanning i familierterapi og rettleiing
- Politiutdanna
- Arbeidsmarknadsetatens etatskule
- Hjelp- og omsorgsarbeidar
- Førskulelærar med vidareutdanning innan rettleiing
- Sjukepleiar med utdanning i psykisk helsearbeid
- Flyktningkonsulentar med lang røynsle
- Barne- og ungdomsarbeidarar med lang røynsle

4.4 Eksisterande samarbeidsordningar

Barnevern

Det er ein samarbeidsavtale mellom barneverntenesta i Setesdal innanfor eit definert område. Dette er vurdering av melding og undersøking etter § 4-3. Prosjektperiode på 2-3 år frå mai 2006. Det er eit kostnadsfritt samarbeid sidan tenester vert bytte i form av dagsverk.

Felles rettleiing i gruppe.

Felles regionsamling med Bufetat.

Det samarbeidet som alt eksisterer kan utviklast vidare, og kan vere spennande å sjå på i ei framtidig organisering av barnevernet i Setesdal.

Sosialtenesta

Har fellesmøte med jamne mellomrom, ca. kvar sjette veke.

Praxis-Sør

Praxis-Sør er eit samarbeid mellom fagfeltet og barneverntenesta i både Agderfylka. Dei er med på å auke kompetansen på fagfeltet med rettleiing, kurs, vidareutdanning og nettverksbygging.

Alle kommunane i Setesdal, også Iveland, er med i samarbeidet.

5 Rammer, utsikter og utfordringar knytte til NAV-reforma i Setesdal

Gjennom intervju og samlingar kjem det fram at det er stor vilje og interesse for å arbeide vidare med ein prosess som leier fram mot etablering av eit regionalt "NAV Setesdal". Det er mange uvisse faktorar knytte til korleis organiseringa av ein regional overbygning bør vere, og det er for tidleg å konkludere om dette før ein har vore i dialog med NAV Aust-Agder. Organiseringa heng tett saman med tenesteinnhald og lokalisering, og dette ligg utanfor mandatet til forstudien å drøfte.

5.1 Forankring-involvering-informasjon

Det har i fase 1 vore viktig å få forankra prosessen i alle ledd i organisasjonen. Prosjektarbeidet vart innleidd med eit møte den 18. 01.07 med styringsgruppa og prosjektgruppa til stades, der innhaldet i prosjektplanen vart drøfta og vedteke. Etterpå vart det gjennomført kartlegging av status i kvar kommune, gjennom at prosjektgruppesekretær Jan Gunnar Østerhus vitja alle kommunane og intervjuar dei fagansvarlege.

Den 01.02.07 samla prosjektgruppa og tilsette i sosialtenestene i kommunane seg til dagsseminar/workshop på Revnes hotell. Målet var å informere dei tilsette og inkludere dei i drøftingane av alternative samarbeidsmåtar og høve til samhandling i regionen. Det vart gjeve ein presentasjon av prosjektet og ei stutt skildring av prosessen og rammene fram mot etablering av lokale NAV-kontor. I plenum og i grupper arbeidde deltakarane med korleis ein kan lykkast i endringsprosessar. Det var også gruppearbeid med konkrete forslag til måtar å samarbeide på, og kva ein kan tene på regionalt samarbeid.

Forstudierapport fase 1 "NAV Setesdal?"

Medarbeidarane hadde sterkt fokus på behovet til brukarane. Dei la vekt på at samarbeid på tvers av kommunegrensene ikkje måtte gjere det behovet brukarane har for nærleik til tenesta og direkte dialog med ein fast kontaktperson i eigen kommune dårlegare. Å gjere seg nytte av ny teknologi krev endra arbeidsmåte, det gjeld både for brukarar og tilsette. Det er viktig at ein ser potensialet dette gjev i forhold til samarbeid og samhandling, samtidig som ein aksepterer at det er ein endringsprosess som må gå over noko lenger tid.

Etter seminaret vart prosjektgruppa beden om å ha fokus på behovet til brukarane og kome med innspel til desse spørsmåla:

- kva for område innanfor sosialtenesta krev fysisk nærleik til brukaren, når er dette ikkje viktig eller nødvendig?
- kva for område har noko å tene på ressurseffektivitet (meir bruk av telefon, data osv.)
- økonomiske konsekvensar av eit interkommunalt samarbeid; innsparingar eller kostnader knytte til interkommunalt samarbeid?
- korleis kan den samla kompetansen styrkjast gjennom samarbeid og samhandling?
- kva for premisser meiner de må liggje til grunn for varig NAV-samarbeid mellom kommunane?
- kritiske suksessfaktorar?

Prosjektgruppemøte den 13.02.07 gjekk gjennom dei innsamla tilbakemeldingane. Styringsgruppa var med siste del av dagen. Forsamlinga vart presentert for og drøfta ulike moglege former for organisasjonsmodellar og leiingsstruktur, og gjekk gjennom røynsler frå mellom anna Nord-Gudbrandsdal.

Konklusjonen både i styringsgruppa og prosjektgruppa var at det er vanskeleg å sjå korleis eit eventuelt samarbeid bør organiserast før ein veit meir om tenesteinnhald og kva NAV Aust-Agder tenkjer når det gjeld statens bidrag til etableringa. Det var derfor semje om å tilrå vidare arbeid med NAV Setesdal som mål, utan førebels å trekkje endelege konklusjonar om kva for rammer og form samarbeidet skal ha.

Etter gjennomføringa av den prosessen som er nemnd, er det særleg desse forholda som har vore haldne fram som styrkar ved eit regionalt samarbeid:

For medarbeidarane

- Den einskilde medarbeidaren kan i høgre grad spisse kompetansen sin inn mot det fagfeltet som interesserer mest, gjer det mogleg å spesialisere seg
- Høve til varierte arbeidsoppgåver
- Problemstillingar som ein sjeldan møter på eit lite kontor kan takast opp i eit felles "bakland" og ein kan såleis ha nytte av røynslene til kvarandre

For organisasjonen/regionen

- Større fleksibilitet ved sjukefråver, ferieavvikling, ulike slag "toppar" som kan løysast med samarbeid, hjelp ved tyngre saker osv.
- Større fagleg tyngde, fleire medarbeidarar med ulik kompetanse i si viderutdanning
- Lettare å rekruttere og halde på fagpersonell

Forstudierapport fase 1 "NAV Setesdal?"

- Den samla kompetansen kan styrkjast ved felles rettleiing, kursing og opplæring, sosiale aktivitetar. Kan gje felles forståing, verdiar og haldningar, noko som vidare kan gje eit sterkare fagmiljø og felleskap.
- Sikre likebehandling

For brukaren/pårørande

- Vil møte ein meir kompetent medarbeidar
- Opplever ei meir samla teneste når sakshandsamaren kan støtte seg på kompetansen i eit felles "bakland"
- Brukaren føretrekkjer å nytte seg av ein annan kommune pga. ønske om anonymitet, eller fordi vedkomande bur geografisk nærare eit anna kommunesenter
- Kan få tilgang på spesialisert kompetanse når det trengst

Kritiske suksessfaktorar - utfordringar for å lykkast

- Felles mål
- Ha positive forventningar
- Brukarfokus
- Kvalitetsreform framfor økonomisk-/effektiviseringsreform
- Motiverande og tydeleg leiing
- Vilje og positiv innstilling frå politikarane og administrasjonen i dei ulike kommunane
- Kvar einskild kommune må verte høyrd i prosessen
- Dei tilsette må få eit eigarforhold og identitet knytt til det å arbeide i NAV Setesdal
- Medinnverknad på eigen arbeidssituasjon, open dialog
- Viktig at ein i ein tidlig fase byggjer opp fellesskapskjensla, med til dømes felles sosiale aktivitetar og arbeid med felles forståing for å arbeide i NAV Setesdal
- God kultur og godt arbeidsmiljø

"Når man først skal kalle kontoret for Nav Setesdal er det viktig at man identifiserer seg med dette kontoret og ikke tenke så mye på egen kommune. Fellesskapet er NAV Setesdal. Arbeidstakerne er ansatt i dette fellesskapet og man blir nære kolleger som samhandler i distriktet med samme vilkår og betingelser. Kommunikasjon mellom de ulike gamle kontorene er slutt. Nå blir det din kollega i Nav Setesdal du snakker med. Først da tror jeg man kan få noe igjen for et slikt felleskap."

sitat frå ein tilsett

5.2 Infrastruktur

Det har vore ei klår felles oppfatning av at ein må ha lokale NAV-kontor i kvar kommune, og at nærleik til brukaren er viktig i mange av dei tenestetilboda som brukarane av kommunens NAV-tenester spør etter. Med dei store geografiske avstandene i Setesdal må ein tenkje nytt og innovativt i høve til bruk av ny teknologi. God tilgang på IKT-verktøy, telefoniløysingar og videokonferanseutstyr vil kunne styrkje samhandlinga på tvers av kommunegrensene og gjere det mogleg for både tilsette og brukarar å kommunisere på nye måtar. Lokal kontakt og oppfølging kan kombinerast med bruk av ny teknologi som kan gje brukarane eit betre tenestetilbod. I det nye NAV-kontoret kjem det til å vere brukarar med ulike former for tenestebehov, og dette krev ei individuell tilpassing av dette tilbodet. Både i form og innhald kan tenesta det lokale kontoret skal yte vere svært ulik.

5.3 Kostnader

Det er laga ein utfyllende kostnadsrettleiare (Utgjeven av KS og Arbeids- og velferdsetaten 12. februar 2007) for etablering av NAV-kontor, der kostnadene vert fordelte mellom kommune og stat. Enkelte kostnader som heng saman med etableringa er definerte i kostnadsrettleiaren, medan fordelinga av andre kostnader vil følgje av den lokale samarbeidsavtalen. For kommunane vil det ved eit regionalt samarbeid særleg kunne vere innsparingar innan kompetanseutvikling ved at ein samkøyrer dette for dei tilsette. Det kan også vere noko å spare ved gjennomføringa av prosjektet.

Vinst ved etablering av felles intranettløysingar, felles sentralbordteneste, samkøyring i forhold til IKT-plattformer osb. er forhold som bør undersøkjast og kartleggjast i den vidare prosessen.

5.4 Informasjon til NAV Aust–Agder og brukarorganisasjonane

Leiar i NAV Aust-Agder, Hilde Høyenes, er informert om oppstart av prosjektet. Det har vidare vore ein dialog mellom prosjektleiaren og Svein Jordahl, som er prosjektleiar i NAV Aust-Agder. Han er orientert om prosessen og framdriftsplanen og ønskjer ein dialog med kommunane fram mot inngåing av ein partnerskapsavtale.

Brukarutvalet på fylkesplan er sett saman av av representantar frå mellom anna FFO (Funksjonshemmedes fellesorganisasjon), SAFO (Samarbeidsforum for funksjonshemmedes organisasjonar) og LO. Det er sendt eit skriv til utvalet med informasjon om arbeidet med etablering av NAV-kontor i Setesdal, og saka vart lagd fram som orienteringssak for utvalet i møte den 14.02.07.

6 Vidare planlegging av lokale NAV-kontor i Setesdal

I den vidare planlegginga av etablering av NAV-kontor i Setesdal skal det leggast vekt på at den løysinga ein vel skal gje så god måloppnåing som råd. Med felles arbeidsmarknadsregion og utdanningsregion kjem det til å vere nødvendig med ei eller anna form for samarbeid på tvers av kommunegrensene. Samarbeidet kan ha ulike former, frå uformelt samarbeid som eitt ytterpunkt til overføring av mynde frå kommunen til eit eige interkommunalt organ på den andre sida. Mellom desse ytterpunktta kan det tenkjast ulike former for organiseringsmodellar.

Dersom kommunen delegerer sitt mynde til eit interkommunalt organ eller ein vertskommune, kan (partnerskaps)avtalen gjerast med dette organet eller vertskommunen, jf. arbeids- og velferdsloven § 14.

Vertskommunemodellen er kjenneteikna av:

- Overføring av avgjerdsmynde til ein annan kommune
- Opprettar ikkje ein eigen juridisk person
- Avgrensa og sektorbestemte samarbeidstiltak

Samkommune er kjenneteikna av:

- Interkommunalt forvaltningsorgan
- Eigen juridisk person
- Styringsorgan valt av og mellom kommunestyra i deltakerkommunane
- Omfattande samarbeidstiltak som går ut over sektorgrensene

I tillegg føreslår Ot.prp.nr 95 (2005-2006) endringar i kommunelova som opnar for ulike former for interkommunalt samarbeid, mellom anna vertskommunemodellar med og utan nemnd. På den måten sikrar ein lokaldemokratiet ved overføring av mynde til vertskommunar eller interkommunale organ.

Desse alternative strategiane kan veljast i forhold til samarbeid/samhandling mellom Setesdalskommunane og NAV Aust-Agder.

- Kommunane kan velje å gjennomføre fase 2 i forstudien og forhandle samla med NAV Aust-Agder. Det let seg gjere å opprette ein intensjonsavtale med NAV Aust-Agder som skildrar felles mål og framdrift fram mot endeleg inngåing av ein forpliktande samarbeidsavtale. Først når ein er i gang med forprosjektet gjer ein vedtak om organisering og leiing av NAV-kontora. Kommunane vil ha eit betre grunnlag for å bestemme seg når ein har kome noko lenger i prosessen og har hatt nødvendig dialog med NAV Aust-Agder. Denne modellen følgjer opp signala frå fase 1 om at ein ønskjer å gå vidare med ein samarbeidsmodell for Setesdal. Å koordinere det vidare arbeidet vil spare ressursar for kommunane fordi ein slepp å køyre fire parallelle prosessar. Ein føreslår at regionrådet er

Forstudierapport fase 1 "NAV Setesdal?"

prosjekteigar også i fase 2 av forstudien og at rådmennene sit i styringsgruppa.

- Kommunane kan velje å forhandle med NAV Aust-Agder kvar for seg. Kvar kommune kan då stå fritt til å finne lokale løysingar, men det kan svekke forhandlingsposisjonen til Setesdalsregionen sett under eitt.

Fordelen med den sistnemnde løysinga er at kvar kommune kan stå fritt til å gjere ein avtale med NAV Aust-Agder som tek vare på og sikrar kommunens interesser. Det vert ikkje nødvendig å "gje" frå seg noko til eit fellesskap.


Kva slag konsekvensar det vil ha for høvet til å styrkje regionens forhandlingsposisjon dersom ein vel å stå samla, vil ein først få svar på når ein går i dialog med NAV Aust-Agder. At kommunar som skal levere desentraliserte tenester organiserer seg som ei regional eining kan vere med å hindre at dei statlege tenestene vert sentraliserte utanfor regionen.

Når det gjeld kompetanseutvikling og høg fagleg kvalitet på tenestetilbodet til innbyggjarane, vil ei utviding av tenesteområdet som reformen legg opp til setje store krav til oversikt og kunnskap hos kvar einskild medarbeidar. Målet med reformen om ei samordna teneste krev at den saksbehandlaren brukaren møter, har oversikt og høve til å skaffe nødvendig kompetanse der det trengst. Dersom det ikkje er etablert noko samarbeid på tvers av kommunegrensene, vil fagmiljøa verte svært små, og utfordringane i forhold til å halde høg fagleg kvalitet kan verte store. Ikkje minst kan ein sjå at det kan verte vanskeleg å rekruttere dyktige medarbeidarar til kommunane. Dette er i høg grad med på å forklåre den positive haldninga dei tilsette har til eit samarbeid, og viljen deira til å tenkje nytt, til dømes med å prøve ut ei ordning med kontordagar i kommunane til kvarandre og/eller ambulerande tenester i regionen.

Med å stå samla vil det vere lettare å halde på kompetanse i regionen og også argumentere med at staten må hjelpe til med kompetent personell til den regionale eininga.


Det er utfordringar knytte til interkommunalt samarbeid, både når det gjeld avgjerdsmynde og kostnadsfordeling. For å greie å handtere desse utfordringane må det liggje ein felles vilje til grunn for å løyse dei vanskane som måtte oppstå undervegs i prosessen.

6.1 Alternative leiingsstrukturar



Alt. 1

Einskapleg og administrativ leiing, har ansvars- og styringslinjer til kommunen (kommunane) og Arbeids- og velferdsetaten, og arbeider opp mot både eigarane.



Alt. 2 og 3.

Einskapleg administrativ leiing. Ein felles administrativ leiar som representerer kontoret utetter. To leiarar der den eine har ansvaret for kommunale og den andre for statlege tenestekområde, relaterte til sine overordna i kommune og stat. Ein av dei faglege leiarane kan eventuelt også vere administrativ leiar.

Samordningsforsøka og pilotprosjektet peikar på ein del uheldige røynsler med delt leiing, som kan gjere det vanskelegare å oppnå eit einskapleg tenestetilbod. Dette bør greiast nærare ut i fase 2 av forstudien.

7 Plan for forstudien fase 2 og forprosjektet NAV Setesdal

Forstudien legg på plass rammer, utsikter og utfordringar knytte til etablering av NAV-kontor i Setesdal.

Forprosjektet skal planleggje dei lokale NAV-kontora.

Hovudprosjektet realiserer NAV-kontoret fram til det er i drift.

7.1 Forstudien fase 2

- Avklåre premissar for forpliktande samarbeid – intensjonar og strategiar for partnerskap mellom kommunane og stat/fylke
- Arbeide fram skildring av forprosjekt med budsjett, finansiering, organisering osv.
- Informasjonsarbeid i samarbeid mellom prosjektet og NAV Aust-Agder

Fase 2 i forstudien vert sett i gang så snart det ligg føre vedtak om å arbeide vidare med ein felles regional strategi for innføring av NAV-reformen i Setesdal. Forstudien skal avsluttast innan 1. juni 2007.

Hovudaktivitetar	Innhald	Arbeidsform
Utarbeiding av prosjektplan i samsvar med PLP Prosjektleiarplassen	Gje eit oversyn over prosjektet med mål, milestolpar, kritiske suksessfaktorar, ressursar og organisering	I samarbeid med prosjektansvarleg og NAV Aust-Agder
Opprette kontakt med sentrale aktørar frå NAV Aust-Agder, brukarorganisasjonar, tillitsvalde, Setpro	Informasjon og dialog om prosessen fram mot etablering av NAV Setesdal	Samarbeidsmøte, kontinuerleg orientering
Setje i verk aktivitetar i tråd med NAV-handboka (Håndbok for etablering av NAV-kontor med nedtellingskalender)	Samarbeid mellom kommune og stat Rammer for lokal samarbeidsavtale/ partnerskapsavtale Lokal kommunikasjonsplan	Kartleggje premissane for samarbeid med NAV Aust-Agder Inngå intensjonsavtale med NAV Aust-Agder og gjennomføre partnerskapsmøte Utarbeide kommunikasjonsplan.
Leggje fram plan for forprosjekt, med budsjett, finansiering, organisering osv. i	Innhald plan forprosjekt: Visjon, verdiar og mål for NAV Setesdal	Sluttrapport forstudien, framlegg til forprosjektplan.

Forstudierapport fase 1 "NAV Setesdal?"

Hovudaktivitetar	Innhald	Arbeidsform
samsvar med PLP Prosjektleiingprosessen	Tenester i NAV-kontora Arbeidsmetodar i NAV-kontora Styrings- og leiingsstruktur Arbeidsmetodar og roller Organisering av tenestene Involvere brukarar og tilsette Fagleg kompetanse; utviklingstiltak Fysisk utforming av kontora Samarbeidspartnarar, marknads- og arbeidsgjevarkontakt Felles IKT-løysingar	

7.2 Førebels framlegg til framdriftsplan fram til opninga av lokale NAV-kontor

01. jun. 2007	Forstudie ferdig
30. jun. 2007	Vedtak forstudie
15. aug. 2007	Oppstart forprosjekt
31. des. 2007	Forprosjekt ferdig
30. jan. 2008	Vedtak forprosjekt
01. feb. 2008	Oppstart hovudprosjekt
30. apr. 2008	Hovudprosjekt ferdig
01. mai 2008	Oppstart NAV Setesdal

8 Oppsummering og tilråding

- Vilje til samarbeid i alle ledd er ein viktig føresetnad for å lykkast. Konklusjonen etter fase 1 av forstudien er at det mellom tilsette og i administrasjonen er stor vilje og motivasjon til å arbeide vidare for samhandling og samarbeid mellom kommunane ved etablering av NAV-kontor.
- Målsetting i den vidare prosessen er å etablere ei regional eining: NAV Setesdal
- Det er ønskjeleg å utvikle eit samarbeid innan ulike felt på tvers av kommunegrensene, anten gjennom arbeid i eit felles bakland, gjennom etablering av spesialkompetanseiningar som står til disposisjon for NAV Setesdal eller andre former for organisert samarbeid.
- Kvart einskilt kommunestyre vedtek organisasjons- og leiingsstruktur før det vert oppretta partnerskapsavtale med NAV Aust-Agder
- Dei fire kommunane som skal samarbeide og NAV Aust-Agder opprettar ein intensjonsavtale om prosessen fram mot inngåing av forpliktande partnerskapsavtale i fase 2 av forstudien
- Fase 2 i forstudien vert forankra i kvar kommune, med regionrådet som prosjekteigar